



## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:  
2021/2-35

Sakshandsamar:  
Rita Hansen

Dato  
06.02.23

### REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 6. FEBRUAR 2023

Møtestad: Kommunehuset, Bygland  
Møtetidspunkt: 6. februar kl 1000-1200  
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune  
Steinar Kyrvestad, Valle kommune  
Jan D. Dalen, Bykle kommune  
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune  
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune  
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Sak	Merknad	Ansvar /frist
<b>1 - Godkjenning av referat frå førre møte</b>  Referat godkjent. Ein held fram med å ha referat, møteplan osv <a href="#">på nettsida</a> , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. Vert også sendt til postmottaka.		
<b>2 – Leiars hjørne og dagleg leiars hjørne utgikk grunna tidsramme</b>		
<b>3 – Førebuing til fellesmøte med kommunedirektørane</b>  Sigbjørn rekapitulerte førre fellesmøte, og gikk gjennom sakslista til dagens fellesmøte.  Bustadbygging/tilgang på bustadar: kan det vere ein ide å innarbeide dette helt konkret i ein revidert bygdevekstsøknad? Uavhengig av bygdevekstsøknad er tema høgst aktuelt, treffer strategien vår og er noko ein systematisk bør arbeide vidare med.  Arealplanlegging og –politikk: vil vera ein styrke for kommunane å få til eit sterkare samarbeid kommunane mellom		
<b>4 – Eventuelt</b>		

<p><b>a) Dialogmøte med fylkesutvalet 14. mars</b> Styreleiar og dagleg leiar lager skisse. Takast opp i neste møte i ordførarutvalet.</p> <p><b>b) Trong for eiga møte med politisk leiing i fylkeskommunen</b> Pr no er stikkord: reforhandling av avtalar samt jobbe for å få noverande spleiselag med fylkeskommunen på stillingsressurs kompetanse inn som fast budsjettpost. Kommuneavtalene kan og vere eit tema. Einighet om at alle tek med kommuneavtalene til ordførarmøte og at utvalet legg ein strategi forkant av eit slikt møte. Takast opp igjen i neste møte i ordførarutvalet.</p>		
<p><b>Bedriftsbesøk utgår denne gong, grunna fellesmøte med kommunedirektørutvalet.</b></p> <p><b>Neste ordinære møte, inklusive bedriftsbesøk: 16. mars, Evje</b></p>		
<p><b>Fellesmøte ordførarutval og kommunedirektørutval</b></p> <p>Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune Steinar Kyrvestad, Valle kommune Jan D. Dalen, Bykle kommune Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune Rita Hansen, Setesdal IPR John Salve Sigridnes, Bygland kommune Karine Sloth, Bykle kommune Vidar Homme, Valle kommune Kåre Einar Larsen, Åseral kommune Frantz A Nilsen, Evje og Hornnes kommune</p> <p>Sigbjørn ønska velkomen, og innleia til møtet.</p> <p>Gjennomgang av tidlegare utsendt sakliste til møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Dialog kring vidareutvikling og forsterking av samhandlinga mellom kommunedirektørane og Setesdal IPR. Følges opp vidare i seinare møte. (Jmf. Pkt 2 i referat fra fellesmøte den 16.05.22)</li> <li>b) Fra komm.direktørane har det kome innspill på temaet samhandling politikk/administrasjon regionalt (Desse to punkta heng egentlig sammen)</li> <li>c) Bygdevekst, vidare arbeid</li> <li>d) UIA, formalisering av avtale</li> <li>e) Inntrekk i kommunale rammetilskot, vidare arbeid/påverknad</li> <li>f) Møteplan/fellesmøter</li> <li>g) Evt</li> </ul>		
<p><b>Innleiande runde rundt bordet</b></p> <p>Temaet vidareutvikling og forsterking av samhandlinga mellom kommunedirektørane og Setesdal IPR blei gjenstand for ein god og grundig dialog.</p>		
<p><b>Interkommunalt samarbeid</b></p> <p>Bør saka om ytterlegare samarbeid kommunane i mellom på stabs- og støttefunksjonar takast fram att?</p>		

Kor skal i få fall initiativet kome frå – kommunedirektørutvalet eller styret eller ordførarutvalet?		
<p><b>Roller</b></p> <p>Kommunedirektørutvalet sin rolle overfor og inn mot styret i Setesdal IPR, ble nedfelt i samarbeidsavtalen, men det er likevel trong for å etablere sams forståing av rollene.</p>		
<p><b>Korleis går me vidare</b></p> <p>Einighet om meir jamleg dialog framover.</p> <p>Rita foreslo å leggja fellesmøte inn i den årlege politiske møteplanen for representantskap, styre og ordførarutval som vert styrehandsama året før. Ingen konklusjon.</p>		
<p><b>Bygdevekst</b></p> <p>Gjort en god jobb i 2022, og alle interessert i å bli med i ein ny søknadsrunde. Spørsmål kring eventuell spissing av søknaden blei drøfta. Det same med om ein skal leggja større vekt på delprosjekt om bustadbygging/tilgang på bustadar. Først når ordninga vert utlyst vil detaljer og eventuelle endra rammer for ordninga bli kjent. Kjem tilbake til saka.</p>		
<p><b>Eventuelt:</b></p> <p>Spørsmålet kring korleis sikre naudsynte arena for samhandling og informasjonsutveksling mellom dagleg leiar og kommunedirektørutvalet vart også drøfta, men ikkje konkludert.</p> <p>Kåre Einar orienterte, mellom anna med bakgrunn i OSS (Helsefelleskapets overordnede strategiske samarbeidsutvalg), om betraktningar kring referansegruppa for SSHF som nyleg vart etablert.</p> <p>I neste fellesmøte tar me tak i tema i sakslista som me ikkje rakk å drøfte i dag. I tillegg kjem desse temaene:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unesco</li> <li>• Museumsstruktur</li> <li>• Hensiktsmessig møtestruktur. Her førebur John Salve og Rita innspel til neste møte.</li> <li>•</li> </ul>		
<p><b>Neste fellesmøte:</b></p> <p>Blir 13. mars kl 0900-1100.</p>		

Med helsing  
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen  
dagleg leiar